



HAVLEIK 2008 på Færøyane 9.-12. juli

Tilskipar er SLAID RING, den færøyske avtaleparten i NORDLEIK-samarbeidet.

Sommaren 2008 er det nytt Havleik-stemne på Færøyane. Siste gong var i 2002 og mange norske folkedansarar hugsar dette Havleik-stemnet med stor glede.

Førebels program, Havleikur 2008:

Onsdag 9. juli: Opningsfest i Torshavn på kvelden

Torsdag 10. juli: Besøk hos lokale danseforeiningar rundt landet

Fredag 11. juli: Utflukter til spesielle lokalitetar på øyane, museumsbesøk, kurs i færøydans, foredrag om færøysk kultur o.a.

Laurdag 12. juli: Danseframsyningar på ulike stader i Torshavn.

Om kvelden blir stemnet avslutta med ein gallafest for alle deltakarar samt danseforeiningane på øyane.

Det er færøydans og annan nordisk folkedans fleire stader i byen om kveldane.

Meir og oppdatert informasjon om stemnet finn du etter kvart på heimesida til Slaid Ring

<http://www.slaid-ring.fo/havleikur/>

Lyst til å bidra?

Som under Nordleik-stemnene skal alle deltakarlanda bidra med muskarar, danseleiing og kan hende anna program. Har du lyst til å bidra – merk av dette i påmeldingsskjema. Ønskjer dansegruppa di å ha ei framsyning i byen organiserer vi dette på Færøyane. Med mange norske deltakarar reknar vi og med å ha ein Landsring til nokre framsyningar. Er du muskar? – ta med instrumentet ditt uansett, slik at du kan vere med i felles dugnadsspel.

Turistinformasjon

Klikk deg inn på

<http://www.faroeislands.com/> for å finne god turistinformasjon. Her finn du mellom anna hotellinformasjon under menyknappen "Yellow pages". Om du ønskjer hotellrom under Havleik, må du hugse å bestille i god tid.

Innkvartering er på skole i Eysturskúlin like ved Torshavn sentrum. Dagane før og etter stemnet er det mogleg for innkvartering på same skole. Skal du overnatte på skole må du hugse sovepose og liggeunderlag. Frukost får alle servert på "sin" skole.

Det er gåavstand til nesten alt i Torshavn.

Har du spørsmål?

Folke Flateland (folke@flateland.net). Representant i Folkedansutskottet i Nordleik.

Synnøve Jørgensen (24 14 11 15 eller synnove@ungdomslag.no). NU-kontoret.

Deltakaravgift

NOK 1995,- per person. Dette dekker frukost og overnatting på skole (sovepose og underlag), samt festmiddagen laurdag kveld og norsk tilleggsavgift. Same pris om ein skal overnatte på skole eller ikkje.

Reise

Reisa ordnar du eller dansegruppa di sjølv, anten det er med båt frå Bergen, eller med fly. Flyselskapet Atlantic Airways flyg truleg Oslo – Stavanger – Færøyane også i 2008!

Sjå <http://www.atlantic.fo/>

PÅMELDING

All påmelding frå Noreg skal gå til Noregs Ungdomslag, og er bindande. Sjå eige skjema. Dei som får plass mottar ein faktura frå NU på kr. 1000,- i depositum etter at fristen har gått ut.

Påmeldingsfrist 15. november 2007.

Det er begrensa antall plassar på stemnet, kvotering kan bli naudsynt. Ein kan ikkje rekne med å få plass på stemnet etter den datoen.

